



Arkivnr: 2019/429-5

Saksbehandlar: Tor Ivar Sagen Sandvik

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		04.06.2019
Fylkesutvalet		20.06.2019

**Samlokalisering av Kvam vidaregåande skule****Samandrag**

I rullering av skulebruksplanen (sak PS 72/2016) blei det vedteke følgjande for region Kvam:

«Ny skule er planlagt ferdigstilt i 2027. Ny skule i Kvam skal lokaliserast i Norheimsund og erstattar Norheimsund vgs og Øystese gymnas som vert avvikla. Det skal innleiast samtalar med Kvam herad for å sikre ny tomt til den vidaregåande skulen sentralt plassert i Norheimsund».

Kvam vgs blei administrativt slått saman januar 2017, men er fysisk lokalisert på to stader. Yrkesfaga Elektrofag, Teknikk og industriell produksjon og Helse- og oppvekstfag gjennomfører opplæringa i Norheimsund, medan Studiespesialisering har opplæring i Øystese.

Under sak PS 37/18 Ymse i utval for opplæring og helse, 17.04.18, orienterte eigedomsdirektøren om skuleplanane i Kvam herad. Utvalet etterspurte då om moglegheit for å samlokalisere dei to avdelingane i Norheimsund før «nye Kvam vgs» er ferdigstilt. Ei samlokalisering skal ikkje endre planane for at ny skule skal stå klar i 2027.

På vegner av eigedomsavdelinga fekk Norconsult i oppdrag å gjennomføre arealanalyse av skulen for å vurdere to alternativ:

- 1) Samle all aktivitet i Norheimsund
- 2) Samle all aktivitet i Øystese, men med verkstadsareal for TIP og EL liggjande i Norheimsund

Norconsult tilrår, etter å ha samanlikna dei to alternativa, alternativ 2, samlokalisering i Øystese med verkstadsareal for EL, TIP og HO i Norheimsund.

Fylkesrådmannen har med utgangspunkt i tilrådingane frå Norconsult og tilbakemeldingane frå Kvam vgs fremja eit tredje alternativ:

- 3) samle all aktivitet i Øystese, og bygge nye verkstadsareal for EL og TIP på tomta der den nye skulen skal lokaliserast.

Ei slik løysing vil sikre tomt for framtidig skule og gi skulen nye verkstadsareal for EL og TIP. Løysinga vil medføre auka kostnader i eit kortsiktig perspektiv, men samtidig redusere framtidige investeringar.

Leiinga ved skulen, AMU og arbeidstakarorganisasjonane har vore involverte og gitt sine uttalar på dei alternativa som har vore vurdert. Desse ligg som vedlegg til saka.

Det er utarbeidd ein intensjonsavtale med Kvam herad med mål om å avklare tomt og reguleringsforhold for eit felles bygg for den vidaregåande skulen i Kvam, og kommunale tenester/funksjonar for Kvam herad. Avtalen sikrar at skulen kan bli realisert i to fasar der eit bygg for verkstadene for EL og TIP kan bli bygd før felles hovudbygg.

**Økonomi:** Alternativ 3 vil krevje eit nybygg på om lag 1500 m<sup>2</sup> for EL og TIP. Dette er ei forskotering på 60-70 mill. kr. av framtidig planlagt investering for ny skule i Kvam. Investeringane i bygget på Øystese vil vere avgrensa, og kostnader knytt til investeringar i bygg skal ikkje overstige innsparingane i drifts- og vedlikehaldskostnadane.

**Klima:** Ingen kjende effektar

**Folkehelse:** Ingen kjende effektar

**Regional planstrategi:** Jf. vedtak i skulebruksplanen skal det byggast ny skule i Kvam, lokalisert sentralt i Norheimsund.

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek samlokalisering av Kvam vidaregåande skule, alternativ 3. All aktivitet blir samla i Øystese, og nye verkstadsareal for EL og TIP blir bygd på framtidig tomt for den nye skulen. Fram til nye verkstadsareal er klare vil eksisterande verkstadsareal i Norheimsund bli nytta.
2. Fylkesrådmannen arbeider vidare med Kvam herad om areal for verkstadsareal for EL og TIP på framtidig tomt for den nye skulen.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Norconsult - arealanalyse samlokalisering Kvam vgs
- 2 Uttalar tilsette - samlokalisering av Kvam vidaregåande skule
- 3 Intensjonsavtale Kvam herad

**Fylkesrådmannen, 14.05.2019**

## Bakgrunn

Fylkesrådmannen viser til fylkestinget si handsaming av sak PS 72/2016 Rullering av skulebruksplanen 2017-2030, den 4.10.2016.

For region Kvam blei følgjande vedtatt:

«Ny skule er planlagt ferdigstilt i 2027. Ny skule i Kvam skal lokaliserast i Norheimsund og erstattar Norheimsund vgs og Øystese gymnas som vert avvikla. Det skal innleia samtal med Kvam herad for å sikre ny tomt til den vidaregåande skulen sentralt plassert i Norheimsund».

Gjeldande investeringsplan legg til grunn ei ferdigstilling av skulen i 2027. Tentativ budsjetttramme er på 285 mill. kr.

Følgjande tabell viser elevtal inneverande skuleår og framtidig dimensjonering av ny skule i Kvam.

REGION	SKULE	Elevtal 2018/19	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE					Elevplassar 2030
			AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	
KVAM	Kvam vgs	261	10	12		30	30				30						180	292

Av 261 elevar inneverande skuleår (elevteljing per 15.09.18), er 181 elevar på avdeling Øystese og 80 elevar på avdeling Norheimsund.

Kvam vgs blei administrativt slått saman i januar 2017, men er fysisk lokalisert på to stader. Yrkесfaga Elektrofag, Teknikk og industriell produksjon og Helse- og oppvekstfag gjennomfører opplæringa i Norheimsund, medan Studiespesialisering har opplæring i Øystese.

Avdeling	Tilbod	Tal elevar
Øystese	ST (inkl. utvekslingselevar), TO, AO	181
Norheimsund	EL, TIP, HO	80
Elevtal 2018/19		261

## Samlokalisering

Under sak PS 37/18 Ymse i utval for opplæring og helse 17.04.18, orienterte egedomsdirektøren om skuleplanane i Kvam. Utvalet etterspurte då om moglegheit for å samlokalisere dei to avdelingane i Norheimsund før «nye Kvam vgs» er ferdigstilt. Ei samlokalisering skal ikkje endre planane for at ny skule skal stå klar i 2027.

På vegner av egedomsavdelinga fekk Norconsult i oppdrag å gjennomføre arealanalyse av skulen for å vurdere to alternativ:

- 1) Samle all aktivitet i Norheimsund
- 2) Samle all aktivitet i Øystese, men med verkstadsareal for TIP og EL liggande i Norheimsund

Norconsult si utgreiing viser at begge forslaga potensielt har plass for det opplæringstilbodet som ligg til grunn. I begge forslaga vil det vere behov for ombygging og tilrettelegging av skuleanlegga, og i begge forslaga vil det vere funksjonar som manglar. Til saman har desse avdelingane, etter FEF-modell og dagens opplæringstilbod, dobbelt så mykje areal som det er behov for. Hovudutfordringa er verkstsadsareal og tilgang på klasserom til grupper på 30 elevar. Eventuelle tiltak som skal gjerast må vere økonomisk berekraftige, dvs. at kostnader knytt til investeringar i bygg ikkje kan overstige innsparingane i drifts- og vedlikehaldskostnadane. Dette fordrar mindre bygningsmessige tiltak for å realisere ei samlokalisering.

Norconsult tilrår, etter å ha samanlikna dei to alternativa, alternativ 2, samlokalisering i Øystese med verkstsadsareal for EL, TIP og HO i Norheimsund. Fylkesrådmannen viser til vedlegg 1 – rapport frå Norconsult.

Dette er grunngitt med at alternativ 2 krev mindre tilrettelegging for ST og TO sidan ein kan vidareføre dagens realfagsrom og eksisterande teorirom. HO vil få betre praksisareal enn i Norheimsund, medan verkstader for EL og TIP blir vidareført som i dag. Funksjonaliteten til anlegget i Øystese blir vurdert til å vera betre enn i Norheimsund med kort avstand mellom teorirom, realfagsrom og personalfunksjonane. Vidare er det også kort veg til idrettsareal som alle klassane kan nytte.

Forslaget inneber at klassane på EL og TIP må ha skyss mellom skulestadene. Det kan vere mogleg å redusere skyssbehovet ved at EL og TIP er heile dagar i Norheimsund. Ved val om å samlokalisere i Norheimsund vil ein anten måtte etablere idrettsareal eller skyssje fleire klassar kvar dag til anna idrettsareal, noko som er både tid- og ressurskrevjande. Forslaget med å nytte anlegget i Øystese har også færre manglar i Norconsult si vurdering enn om ein samlar alt i Norheimsund. Viktigast her er at ein i Øystese har tilstrekkeleg med lærararbeidsplassar, møterom, fleire grupperom og ei betre realfagsavdeling enn i Norheimsund.

## **Prosess og involvering**

Eit ønskje om å samlokalisere avdelingane for å styrke fagmiljø og det pedagogiske arbeidet har vore fremja i omstillingsutval (OMU) og gjennom arbeidstakarorganisasjonane ved fleire høve gjennom omstillingsprosessen knytt til administrativ samanslåing av skulane i Kvam. Dette var soleis ikkje ei ukjent problemstilling for HFK då det blei stilt spørsmål om vurdering av samlokalisering i utval for opplæring og helse i april 2018.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU), lokalt informasjons- og drøftingsmøte, hovudverneombod og hovudtillitsvald i Skolenes Landsforbund har gitt innspel på dei vurderingane Norconsult har gjort, jf. vedlegg 2.

Fylkesrådmannen si hovudutfordring er at medan det er tydeleg einighet om ønske om samlokalisering, er det mange meiningar og til dels usemje om korleis det skal gjennomførast og kor ein skal samlokalisere skulen i perioden fram til 2027. Dette går både på stad for samlokalisering, Norheimsund eller Øystese, og på delvis samlokalisering som er det tilrådde alternativet i Norconsult sin rapport. Særleg dei tilsette på yrkesfag uttrykkjer bekymring for delvis samlokalisering.

Fylkesrådmannen viser i heilskap til uttalar frå AMU, arbeidstakarorganisasjonane og fylkeshovudverneombodet, vedlegg 2.

## **Vegen vidare – alternativ 3**

Fylkesrådmannen har med utgangspunkt i tilrådingane frå Norconsult og tilbakemeldingane frå Kvam vgs fremja eit tredje alternativ – å samle all aktivitet i Øystese, og bygge nye verkstsadsareal for EL og TIP på tomta der den nye skulen skal lokalisera.

Dette alternativet blei lagt fram for Kvam vgs, og dei blei bedne om å handsame dette i respektive organ og drøftingsmøte. AMU, Akademikerne, Utdanningsforbundet og SL har gitt uttale til alternativ 3, jf. vedlegg 2. Det ligg ikkje føre ein samla uttale frå organisasjonane på alternativet.

Ei løysing i form av alternativ 3 vil sikre tomt for framtidig skule og gi skulen nye verkstadsareal for EL og TIP. Løysinga vil medføre auka kostnader i eit kortsiktig perspektiv, men samtidig redusere framtidige investeringar. Det er utarbeidd ein intensjonsavtale med Kvam herad med mål om å avklare tomt og reguleringsforhold for eit felles bygg for den vidaregåande skulen i Kvam, og kommunale tenester/funksjonar for Kvam herad. Avtalen sikrar at skulen kan bli realisert i to fasar der eit bygg for verkstadene for EL og TIP kan bli bygd før felles hovudbygg.

Ei løysing der fylkeskommunen først bygger verkstader for EL og TIP vil krevje eit skulebygg på om lag 1500 m<sup>2</sup>. Dette er ei forskotering på 60-70 mill. kr. av framtidig planlagt investering for ny skule i Kvam. Investeringane i bygget på Øystese vil vere avgrensa, og kostnader knytt til investeringar i bygg skal ikkje overstige innsparingane i drifts- og vedlikehaldskostnadane.

Ei slik løysing vil også opne mogelegheita for tidlegare sal av avdelinga på Norheimsund, noko som kan dekke deler av den forskoterte investeringa i nytt skulebygg.

### **Framtidsretta organisering av yrkesfagopplæringa**

Å bygge nye verkstader på tomta for «nye Kvam vgs» vil i større grad opne opp for å sjå nye mogelegheiter for samarbeid mellom skule og arbeids- og næringsliv. Det vil legge til rette for ein diskusjon om organisering, arbeidsmåtar, utstyrssbehov og innhald i opplæringa som kan ruste elevane for framtidig deltaking i arbeidslivet. Samtidig vil eit utstrakt samarbeid styrke samhandlinga og skape ei tettare kopling mellom opplæringa og arbeidslivet sitt behov for kompetanse.

Ved å bygge nye verkstadslokale vil ein kunne legge til rette for gode løysingar saman med arbeidslivet, som tek i vare skulen, elevane og verksemndene sine behov. Denne samhandlinga mellom aktørane i opplæringsløpet er viktig for å skape ein framtidsretta skule i Kvam som regionalt senter. Nye og fleksible verkstadsareal vil kunne opne opp for kva utdanningsprogram og programområde skulen kan tilby, og korleis opplæringa blir organisert og gjennomført.

Eit nybygg kan også legge til rette for ein opplæringsmodell som tek mål av seg at elevane skal ha ei praksisnær opplæring i samarbeid med verksemder lokalt. Slike modellar ser ein i større grad utvikle seg nasjonalt, og ikkje minst i Hordaland, der alternative opplæringsmodellar er under utprøving, t.d. både i Nordhordland og Sunnhordland.

Elevgrunnlaget i Kvam er sårbart, og det er viktig å finne utdanningsløp i samarbeid med lokalt arbeidsliv som er attraktive for både elevane og behovet i privat og offentleg sektor i regionen.

### **Samlokalisering – alternative løysingar**

På bakgrunn av Norconsult sine rapportar og tilbakemeldingar frå leiing og tilsette ved Kvam vgs, legg fylkesrådmannen til grunn at det i dag er fire alternativ for perioden fram til ny skule, i høve til vedtatt investeringsplan, skal stå klar i 2027.

- Alternativ 0: Ingen samlokalisering før 2027. Opplæringa organiserast ved dei to lokasjonane som i dag
- Alternativ 1: Samle all aktivitet i Norheimsund
- Alternativ 2: Samle all aktivitet i Øystese, men EL og TIP nyttar verkstadsareal i Norheimsund
- Alternativ 3: Samle all aktivitet i Øystese, og bygge nye verkstadsareal for EL og TIP på framtidig tomt for den nye vidaregåande skulen i Kvam

### **Oppsummering**

Det er gjennomført ein prosess for å vurdere ei samlokalisering av Kvam vgs innanfor ei avgrensa økonomisk ramme. Moglede løysingar har blitt utgreidd der Norconsult sin rapport har lege til grunn for drøftingar om moglede løysingar. Vidare har også eit tredje alternativ blitt vurdert.

Leiinga, AMU og arbeidstakarorganisasjonane har vore involverte og gitt sine uttalar på dei alternativa som har vore vurdert. Uttalane ligg samla som vedlegg 2.

På bakgrunn av rapport frå Norconsult og tilbakemeldingar frå Kvam vgs, tilrår fylkesrådmannen at Kvam vidaregåande skule blir samlokalisert fram til ny skule står klar gjennom alternativ 3, der all aktivitet blir samla i Øystese, og nye verkstsadsareal for EL og TIP blir bygd på framtidig tomt for den nye skulen. Fram til nye verkstsadsareal for EL og TIP er klare på ny tomt vil skulen nytte eksisterande verkstsadsareal i Norheimsund.